

Hordaland fylkeskommune v/Arne Åsan
P.b. 7900
5020 BERGEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/973 - 16/3003

Sakshandsamar:
Sveinung Toft
sveinung.toft@masfjorden.kommune.no

Dato:
27.05.2016

Tannhelsetilbod - tilbakemelding frå Masfjorden kommune

Masfjorden kommune viser til dykkar brev av 02.05.2016 som handlar om tannhelsetilbodet i kommunane Fedje, Modalen og Masfjorden.

Status:

Me gjer no til kjenne at me arbeider aktivt for å få på plass eit privat tannhelsetilbod i eit nært samarbeid med dei to andre kommunane. Masfjorden kommune ønskjer difor å overta klinikken i Masfjorden, for å kunna tilby lokalet til privatpraktiserande tannlege. Me ber om at Hordaland fylkeskommune no startar opp prosess etter lov om tannhelsetenester sin § 4-2, slik at det kan inngåast avtale med ein privatpraktiserande tannlege som etter dykkar ordlyd skal vera « faglig best skikket».

Me gjer til kjenne at kommunen ønskjer å kjøpe alt naudsynt utstyr som står igjen i klinikken, og som har ein kvalitet som er teneleg for ein ny tannlege. Me ber om at de kallar oss inn til eit felles møte (dei tre aktuelle kommunane) og fylkesrådmannen.

Med helsing

Sveinung Toft

ass. rådmann

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur

Karstein Totland

Ordfører i Masfjorden

Mottakarar:

Hordaland fylkeskommune v/Arne
Åsan

P.b. 7900

5020

BERGEN